

**Lindås kommune  
Avd. for Byggesak  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø**

ARKITEKTAKONTORET  
**BØRTVEIT & CARLSEN AS**



Deres ref.:

Vår ref.: Pål-Jøran Carlsen

Dato: 26.09.2018

## **Saksnummer 18/2115**

### **Vedr. søknad om tiltak på eigedom med gnr.195/bnr.138 og 167, Hodnesdalsvegen 46 i Lindås kommune**

#### **Supplering av søknad**

Vi viser til skriv frå kommunen datert 17.09.2018, der ein ber om tilleggsdokumentasjon i samband med opplysningar gitt i søknad om tiltak. Behov for tilleggsdokumentasjon omhandlar arealopplysningar gitt i skjema 5174, samt opplysningar som er lagt til grunn ved utredning i samband med avvik frå TEK.

Skjema 5174 viser tiltaket sitt omfang med hhv. BYA = 101,5m<sup>2</sup> og BRA = 123,0m<sup>2</sup>. Desse arealopplysningane inkluderer også opne, overdekka areal i samband med utviding av eksisterande/ny terrasse, då delar av terrassen ligg høgare enn 0,5m over terrenget. I skjema er det opplyst at opne areal som inngår i samla bruksareal på 123,0m<sup>2</sup>, utgjer 30,9m<sup>2</sup>.

Avvik frå TEK er knytt til «oppvarma» areal for sjølve bustaden, då det er klimaskillet i eksisterande hus som er årsaka til avviket. Samla oppvarma areal etter gjennomført tiltak er på totalt 282,1m<sup>2</sup> (eksisterande + nytt), der det nye tiltaket isolert sett utgjer eit målbart, oppvarma areal på 92,1m<sup>2</sup>. Dette talet kjem vi fram til ved å trekke opne areal frå samla bruksareal for det nye tiltaket i skjema 5174 (123,0m<sup>2</sup> - 30,9m<sup>2</sup> = 92,1m<sup>2</sup>).

Vi håpar med dette å ha gjort tilstrekkelig greie for arealopplysningane i skjema 5174/søknad om avvik frå TEK.

Når det gjeld omsyn til VA, så beklagar vi at det er gitt feil opplysningar i søknaden. Det er riktig at eigedommen har privat vatn og avløp. Vi oppfattar ikkje at kommunen ber om endring av søknaden vedr. dette, men kan sjølvsgått korrigere opplysningane i skjema viss det er behov.

Vennlig hilsen

**Arkitektkontoret Børteit & Carlsen AS**  
v/Pål-Jøran Carlsen  
Sivilarkitekt MNAL